

Årsrapport 2025

Utfordre det velkjente. Utforske det ukjente.



Innhold

I.	Melding frå styret	3
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
III.	Aktivitetar og resultat i 2025.....	7
3.1	Bidrag til sektormål.....	7
3.2	Utviklingsavtale.....	10
3.3	Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt	17
3.4	Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel	17
IV.	Styring og kontroll i verksemda	20
	Del 1: Rapportering om styring og kontroll	20
	Del 2: Rapportering på andre føresetnadar og krav	20
V.	Vurdering av framtidsutsikter	24
VI.	Årsrekneskap 2025	27

I. Melding frå styret

Styrets arbeid

2025 har vore eit krevjande år for tilsette og studentar ved UiS, etter som omstillinga har fått verknad for heile organisasjonen. Styret vil gje honnør for at innsatsen har gitt gode økonomiske resultat, og for at måla for den økonomiske omstillinga er nådd. Dette gir eit betre handlingsrom til institusjonelle prioriteringar i 2026. Omstilling og trange tider reiser risiko rundt arbeids- og læringsmiljøet. Styret vil derfor følgje godt med på desse områda i tida som kjem.

Styret gjennomførte åtte ordinære styremøte i 2025 og handsama til saman 81 saker. To av styremøta var utvida til styreseminar. Spørsmålet om korleis UiS kan halde ved lag posisjonen som eit forskingstungt universitet var hovudtema for styreseminaret i februar, medan styrets ansvar og oppgåver stod på dagsorden i tilsvarande seminar i september, med profesjonsstudium i psykologi ved UiS som tilleggstema.

Viktige aktivitetar og resultat i 2025

Omstilling og budsjettbalanse

Eit viktig mål for omstillinga har vore å redusere kostnadane med 200 mill. kr. innan utgangen av 2026 (målt mot nivået i 2022). Med dei økonomiske resultata i 2025 er dette målet nådd, eitt år før tida. Som ein del av omstillinga vedtok styret i juni 2025 å slå saman NHS - Institutt for leing og tenesteutvikling (NHS-ILT) frå Det samfunnsvitskaplege fakultet til Handelshøgskolen UiS (HH-UiS), med verknad frå 1. januar 2026. NHS-ILT er integrert i Avdeling for innovasjon, leing og marknadsføring (AILM) ved HH-UiS. Samlinga av fagmiljøa legg til rette for tettare samarbeid innan undervising, forskning og innovasjon, særleg innan område som leing og tenesteutvikling.

Studentrekruttering og studiepoengproduksjon

Studentrekrutteringa til UiS i 2025 viste ein oppgang på 3,6 prosent, medan landsgjennomsnittet var på - 0,3 prosent. For heile studieporteføljen resulterte dette i ein oppfyllingsgrad på 114 prosent, opp frå 104 prosent i 2024. Den same positive utviklinga hadde UiS også i studiepoengproduksjonen.

Omstilling og utvikling av studieporteføljen

Frå hausten 2025 blei ein ny og meir fleksibel modell for bachelorutdanninga innført. Alle fakulteta arbeider nå aktivt med å tilpasse sine studieporteføljar til denne modellen, og til dei overordna måla for omstilling i utdanningstilbodet. Sjølv om progresjonen varierer mellom fakulteta, er det likevel tydeleg at alle fakultet har sett i gong ein systematisk gjennomgang av program- og emnestruktur for å redusere overlapp, styrka tverrfaglegheit og legge til rette for meir fleksible og relevante studieløp.

Studieplassar til profesjonsstudium i psykologi

Statsbudsjettet for 2026 gav tildeling av 30 studieplassar i profesjonsstudium i psykologi til UiS, og førebuingane av oppstart med 48 studieplassar er no i full sving. Studiet er lyst ut med søknadsfrist 15. april og skal i gang hausten 2026. Styret er glade for at Universitetsfondet for Rogaland og Sparebankstiftelsen SR Bank har bidratt med 20 mill. kr. kvar, og Ulla-Førrefondet med 10 mill. kr. til oppstartskostnadar for studiet.

Arealutvikling

UiS har gjennom 2025 gjennomført omfattande tiltak for å redusere husleigekostnader, mellom anna gjennom utfasing av leigeavtalar og flytting av fagmiljø tilbake til hovudcampus. Eit prosjekt er i gang for å realisere innsparingar i husleiekostnader på minst 30 mill. kr. innan 2029. I løpet av våren vil det bli utarbeidd ein arealpolitikk for universitetet og institusjonelle retningslinjer for etablering av arbeidsplassareal og undervisningsareal. Betre arealbruk er også eit sentralt mål sett i eit miljømessig perspektiv, og som ledd i UiS sitt arbeid med grøn omstilling.

Forskningsaktivitet

Det var nok eit år med høg forskningsaktivitet på UiS og ny rekord i talet på doktorandar (94 i 2025 mot 87 i 2024). Fire sterke forskingsmiljø ved UiS sendte i 2025 søknad om å bli eit *Senter for fremragende forskning* (SFF). Banebrytande forskning er eit viktig mål og satsingsområde for UiS. Styret er godt fornøgde med måloppnåinga og resultatane for forskinga i 2025, men vil heile tida forsøke å gjere det enda betre innanfor dei rammene vi har. Konkurransen om eksterne forskingsmidlar er hard, og det same gjeld midlar til forskingsinfrastruktur og kampen om rekrutteringsstillingar.

Styret sine prioriteringar for 2026

Kontinuerleg fornying og forbedring

Sjølv om dei overordna økonomiske målsettingane er nådde, står det framleis att arbeid med å redusere aktivitetar og oppgåver, ta i bruk ny teknologi og legge om til nye arbeidsmåtar. Styret vil oppfordre til betre samarbeid på tvers av divisjonar, einingar og fakultet, samt fortetting og effektivisering innanfor areal, for å betre ressursbruken og det økonomiske handlingsrommet på sikt. Styret vil følge tett med på verknadene av dei endra økonomiske rammevilkåra for UiS.

Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet

Styret vil prioritere å få på plass ein ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet i året som kjem, og skal sjå til at avtalen bidrar til betre dimensjonering av utdanningstilbodet ved UiS og betre samarbeid og arbeidsdeling, internt og eksternt.

Eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette ved UiS

Styret er opptatt av at dei tilsette ved UiS skal ha eit godt arbeidsmiljø. Resultata frå Arbeidsmiljø- og arbeidsklimaundersøkinga (ARK) 2025 gir UiS ein høg skår på kollegaskap og nærmaste leiar. Tilsette rapporterte også at dei får arbeide med meningsfulle arbeidsoppgåver, og at dei samla sett opplever eit godt kollegafellesskap. Samstundes syner resultata at tilsette saknar informasjon og moglegheiter for medverknad og påverking i viktige avgjerder. Dette blir eit viktig tema for styret å følge opp.

Eit godt læringsmiljø for studentane våre


Resultata frå Studiebarometeret i 2025 synte ein framgang for UiS på fem av åtte parametarar. Overordna tilfredsheit landa på 4,0, opp frå 3,8 i 2024. Styret er glade for at UiS og rektor tar resultata frå Studiebarometeret på alvor og følger opp med ein plan for korleis tilfredsheita blant studentane ved UiS kan bli betre. Styret er opptatt av at studiemiljøet ved UiS kan fremme best mogleg rammer for læring og trivsel blant studentane.


Betre arealutnytting

Styret vil ha merksemd retta mot arbeidet med å betre arealutnyttinga ved UiS, og sjå til at arealpolitikken og retningslinjene blir følgt. Styret er opptatt av at prosessen blir gjennomført på eit vis som sikrar føreseieleg drift, eit godt arbeids- og læringsmiljø og utan tap av kvalitet i utdanning og forskning.


Styret vil følge opp prioriteringane ovanfor gjennom ordinær rapportering og særskilde styresaker der det er nødvendig for å sikre framdrift og læring.


Anne Marit Panengstuen
styreleiar


Ketil Fred Hansen


Elisabeth Birkeland Kvalheim


Ingvil Hellstrand


Ole Tjomsland


Hege Cecilie Nygaard Barker


Anders Tranberg


Marita Kallestén Brønnick


Aleksa Radman


Silje Røgenes

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

UiS er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Styret er det øvste styringsorganet ved UiS, med ansvar for universitetet si samla verksemd. UiS sitt hovudkontor og -campus ligg på Ullandhaug i Stavanger kommune. To einingar er lokaliserte i Stavanger sentrum, og éi eining i Porsgrunn der UiS har ei avdeling knytt til Læringsmiljøsentret.

UiS sitt samfunnsoppdrag er å tilby høgare utdanning, utføre forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, og formidle faglege resultat. Universitetet skal bidra til livslang læring, stimulere til samfunnsdebatt, innovasjon og verdiskaping, og samarbeide med andre aktørar for å styrke kvalitet og relevans i verksemda. Formålet med verksemda er også å bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling.

Universitetet har særskild ansvar for å bygge opp, drive og vedlikehalde Arkeologisk museum, utvikle vitskaplege samlingar og formidle desse gjennom publikumsutstillingar.

Samfunnsoppdraget har i fleire år vore konkretisert gjennom universitetet sitt motto: *Utfordre det velkjente og utforske det ukjente.*

Visjon og verdigrunnlag

Gjeldande strategi for UiS tar utgangspunkt i ein visjon om at universitetet skal vere ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endring. Dei tre verdiane som skal prege leiarar, tilsette og heile verksemda, er å vere uavhengig, inkluderande og skapande.

Strategiske prioriteringar

Drift og utvikling av universitetet skal vere prega av bidrag til grøn omstilling av samfunnet. Tre fagområde er særleg prioriterte: læring for livet, helse og velferd, og energi. UiS fremjar openheit og samarbeid. Utdanningane våre og forskinga skal utviklast i tett samarbeid med andre akademiske institusjonar, med arbeids- og kulturliv, frivillige organisasjonar og samfunnet rundt oss.

Vi skal praktisere openheit i interne prosjekt og prosessar, og fremje kritisk refleksjon og ytringsfridom for alle studentar og tilsette. Gjennom fysiske møteplassar og digitale arenaar skal vi leggje til rette for kunst, kultur og interaksjon med samfunnet rundt oss

Organisasjon og leiing

Kjerneverksemda ved UiS er organisert i seks fakultet og Arkeologisk museum. Administrative fellestenester er organisert i fire divisjonar som støtter kjerneverksemda sitt arbeid for ulike delar av samfunnsoppdraget. Toppleiinga ved UiS består av rektor, prorektorar for utdanning, forskning, og innovasjon og samfunn, og direktør for organisasjon og infrastruktur.



Hovudtal for verksemda (Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH))

	2022	2023	2024	2025	Endring 24 - 25
Antal årsverk totalt	1 890	1 926	1 816	1 704	-6,2 %
Sum driftsinntekter (1000 kr.)	2 296 409	2 463 768	2 559 654	2 552 670	-0,3 %
Tildeling frå KD (1000 kr.)	1 872 001	1 970 997	2 019 027	2 058 544	2,0 %
Antal registrerte studentar	12 506	12 383	13 265	13 647	2,9 %

III. Aktivitetar og resultat i 2025

3.1 Bidrag til sektormål

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Universitetet har ei merksemd mot viktige profesjonsutdanningar som samfunnet har spesielt stor trong for, men har også høg aktivitet innan disiplinstudia. I 2025 har UiS økt studiepoengproduksjonen innan helse- og sosialutdanningane. Samstundes ser vi at det har vært ein nedgang i studiepoengproduksjonen innan lærar- og barnehageutdanningane. Universitetet vil fortsette å halde oppe aktiviteten i helse- og sosialfaga og disiplinfaga, og har satt i verk tiltak for å auke aktiviteten i lærarutdanningane.

Samla studiepoengproduksjon i 2025 viser ein betydeleg oppgang. Det totale antalet 60-studiepoengeiningar var 8 924 i 2025 (8 484 i 2024). Antalet eigenfinansierte 60-studiepoengeiningar var 8 275 i 2025 mot 7 998 i 2024.

Resultata frå Studiebarometeret i 2025 synte ein framgang for UiS på fem av åtte parametarar. Universitetet er nøgd med at resultata viser framgang, og vil halde fram med å arbeide for at studiemiljøet ved UiS skal gi best mogleg rammer for læring og trivsel blant studentane.

I 2024 starta universitetet arbeidet med å effektivisere og forenkle sentrale arbeidsprosessar. Dette arbeidet held fram i 2025. Universitetet sitt systematiske kvalitetsarbeid i utdanningane er ein av dei prosessane som er gått nøye igjennom for å effektivisere og tilpasse det betre til universitetet sitt særpreg og universitetet si verksemd i tråd med nasjonale signal om ønska forenkling.

UiS er medlem av det europeiske universitetsnettverket; European Consortium of Innovative Universities (ECIU). UiS fatta i 2025 vedtak om å avvikle deltakinga i ECIU University etter oktober 2026, men samstundes vere medlem i ECIU-nettverket. Fram til avviklinga deltek universitetet i utviklinga av mikrokvalifikasjonar og mikroemne, samt i utviklinga av utfordringsbasert læring prega av høg involvering og relevans for næringsliv og offentleg verksemd. I 2025 har UiS dubla talet på mikroemne og utfordringar til alliansen si emneportefølje sidan 2024, frå sju til fjorten emne.

Forskningsaktiviteten ved UiS er tett knytt til samfunnsbehova og blir utvikla i samarbeid med næringsliv, offentlege aktørar og internasjonale miljø. Denne breidda styrker det samla kompetansegrunnlaget i Noreg og legg til rette for innovasjon, verdiskaping og berekraftig utvikling.

Gjennomstrøymingstalet for doktorgradsutdanninga, målt som delen ph.d.-kandidatar som fullførte innan seks år, synte ein nedgåande trend dei siste åra, men i 2025 snudde utviklinga, og delen auka til 65,22 prosent, det høgaste nivået sidan 2021. Den positive utviklinga kan sjåast i samanheng med målretta tiltak for å styrkje gjennomstrøyminga, mellom anna kurspakken *PhD Complete*, som tilbyr kurs og støtte til ph.d.-kandidatar gjennom dei ulike fasane av doktorgradsløpet. I 2025 vart det gjennomført totalt 94 disputasar ved UiS.

UiS heldt fram med satsinga på karriereutvikling for forskarar som er i eit tidleg stadium av si karriere gjennom programmet *Career Development Program for early-stage Researchers*. Programmet gir forskarar eit strukturert løp for fagleg utvikling, karriereplanlegging og auka prosjektkompetanse, og forståing av internasjonal toppforskning. Våren 2025 blei det uteksaminert 16 tilsette i programmet, samstundes starta program 4 opp hausten 2025 med 18 nye kandidatar. Programmet bidrar til betre søknadskvalitet, sterkare forskingsmiljø og større gjennomslag på konkurransearenaer. I 2025 starta det fjerde kullet med forskarar på dette programmet.

Supervisory Qualification Programme vidareutviklar rettleiingskompetansen til fagleg tilsette og sikrar høg kvalitet i oppfølginga av master- og ph.d.-studentar. I 2025 har 20 deltakarar fått trening i forskingsleiing, etikk, kommunikasjon og læringsprosessar. Saman styrker programma universitetet si evne til å utvikle kompetanse, rekruttere talent og levere forskning av høg internasjonal kvalitet.

Tala på publikasjonar for 2025 er førebelse, men det ser ut til at forskingsproduksjonen er lågare enn i 2024. I 2024 var det 1 421 rapporterte publikasjonar for heile UiS, samanlikna med førebelse tal for 2025 på 1 145. Førebelse tal på publiseringspoeng for 2025 er 1 170, mot 1 442 i 2024. Det er sjanse for at tala vil auke litt fram mot endeleg rapportering (09.04.26), men det ser likevel ut til å bli ein liten nedgang samanlikna med 2024.

Sjå rapporteringa under utviklingsavtalen for nærare omtale av måloppnåing for høg kvalitet i utdanning og forskning.

Sektormål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

UiS har eit tydeleg samfunnsoppdrag og bidrar aktivt til sektormålet om berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon gjennom utdanning, forskning og tett samarbeid med omverda. UiS sin strategi er forankra i prioriterte satsingsområde som grøn omstilling, energi, helse og velferd, samt livslang læring. Universitetet har som mål å utvikle kunnskap og løysingar som møter både regionale og globale samfunnsutfordringar.

UiS integrerer berekraftsperspektiv i fleire studieprogram. Eit døme er [Masterprogrammet i berekraftsstudier](#), der studentane får kunnskap om samspelet mellom miljø, samfunn, økonomi og politikk, og korleis ein kan bidra til ei meir berekraftig utvikling. Studiet er praksisnært og involverer samarbeid med kommunar, offentlege verksemder og næringsliv, noko som gjer studentane godt rusta til å møte reelle utfordringar i arbeidslivet. UiS tilbyr òg tverrfaglege emne innan [berekraft og folkehelse](#), der studentar frå ulike fagområde arbeider saman om komplekse samfunnsproblem.

Eit døme på berekraftsforskning ved UiS er prosjektet [Innovasjon i politikk og berekraftige forretningsmodellar for havbruk](#), som forskar på korleis reguleringar og forretningsmodellar kan bidra til meir miljøvennleg og framtidsretta havbruk. Prosjektet kombinerer økonomi, politikk og berekraft og skjer i tett samspel med næring og styresmakter. Gjennom slike samarbeid blir forskingsresultat omsette til praktiske løysingar som kjem samfunnet til gode.

Forskargruppa [Social and Spatial Justice](#) ved UiS arbeider tverrfagleg med rettferd og fordeling i samfunn og byrom, og tar del i internasjonale samarbeid som [ULALABS](#), eit EU-prosjekt der partneruniversitet utviklar Living Labs for å laga innovative løysingar på urbane og klimarelaterte utfordringar gjennom deling av kunnskap og praksis.

Samarbeid med omverda er ein viktig del av UiS sitt bidrag til velferd og innovasjon. Eit sentralt døme er [HelseCampus Stavanger](#), der universitetet, helsetenesta, kommunar og næringsliv samarbeider om utdanning, forskning og innovasjon innan helse og omsorg. Målet er å utvikle nye og betre tenester som kan møte utfordringar knytt til mellom anna ei aldrende befolkning. UiS koordinerer òg i [Nettverk for velferdsforskning](#), der academia og praksisfeltet samarbeider om å styrke kunnskapsgrunnlaget for sosial- og velferdspolitik.

UiS utviklar også «[impact case stories](#)» som dokumenterer korleis forskning og innovasjon gir konkrete samfunnseffektar, til dømes gjennom samarbeid med næringslivet om medisinsk teknologi og entreprenørskap.

UiS nyttar også bidragsinntekter frå Forskingsrådet og andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) knytt til antal vitenskaplege årsverk, som indikator for universitetet sitt bidrag til dette sektormålet. I 2025 var bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk 119,66 (tal i 1000 kroner) og andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk 196,03 (tal i 1000 kroner). Samanlikna med fjoråret er det ein nedgang i inntekter frå Forskingsrådet, men ei auke i andre bidrags- og oppdragsinntekter. UiS er nøgd med utviklinga for andre bidrags- og oppdragsinntekter, men vil ha fokus på å auke inntektene frå Forskingsrådet framover.

Sektormål 3: God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

UiS arbeider målretta for å sikre god tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet. Gjennom fleksible studietilbod, digitale læringsformer og sterke regionale partnerskap bidrar universitetet til at kunnskap når ut til fleire, uavhengig av bustad.

Dei distriktsvennlege løpa i bachelorprogrammet i sjukepleie inngår som eit viktig verkemiddel for å sikre rekruttering til sjukepleiarutdanninga og bidra til betre regional kompetansedekning. Erfaringane frå Ryfylke og Dalane viser gode søkartal og full oppfyltingsgrad, og viser at desentraliserte utdanningstilbod er eit effektivt supplement til ordinære campusbaserte løp. Studentane er nøgde med utdanninga og ga ho 4,6 i alt-i-alt tilfredsheit i Studiebarometeret. Distriktsvennleg sjukepleie representerer også ei viktig kopling mellom utdanningstilbodet og kommunane sitt behov for kvalifisert helsepersonell. Desentraliserte løp bidrar til å styrke samspel mellom utdanning, praksisfelt og lokale arbeidsgivarar, og understøttar fakultetet sitt samarbeid med kommunane i regionen. I det første kullet var det 26 studentar, og av desse fullførde 20 studentar i 2025.

I arbeidet med å rekruttere fleire til læraryrket, har universitetet hatt ei generell satsing på utvikling av fleksible studietilbod. Som eit resultat av dette har det blitt etablert samlingsbaserte og digitale studium, der målet er å tilby meir fleksible vegar inn til læraryrket. Dette gjeld studietilboda årsstudium i læring og psykologi, erfaringsbasert master i fagdidaktikk for grunnskule, profesjonsbasert master med integrert PPU, og årsstudium i friluftsliv. Det er gjort tilsvarande tiltak for å styrke rekrutteringa til barnehagelærerutdanningane, blant anna i form av arbeidsplassbasert- og deltidsutdanning. Søkartala til grunnskulelærerutdanningane og lektor tok seg opp hausten 2025. I barnehageutdanningane har nedgangen halde fram i dei ordinære programma, medan søkartala til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) har halde seg stabile over tid. Det tyder på at ABLU-modellen har eit potensiale for rekruttering. UiS samarbeider med Dalane Utdanningscenter om eit distriktsvennleg utdanningstilbod basert på ABLU - modellen som skal ha base i Egersund. Studietilbodet skal etter planen starte opp hausten 2027.

Satsing på fleksible utdanningar er viktig for UiS og blir vurdert å ha stort potensial for auka studentrekruttering. Dette er særleg relevant i lys av Utsynsmeldinga og ny statleg finansieringsmodell, som vektlegg utdanningsaktivitet i større grad enn tidlegare.

UiS bidrog i 2025 gjennom VitenTv mellom anna med serien *Forskningsglimt*, som presenterer korte forskingsfilmar frå ulike fagmiljø. Andre viktige milepålar var arrangement som KnowHow EdTech og Ungdommens forskarnatt. Over 500 ungdomar fylte campus då forskarnatt for ungdom vart arrangert for første gong i Stavanger. I evalueringa seier 54 prosent av dei som svarte at kvelden har gjort det meir sannsynleg at dei vil søke på høgare utdanning.

UiS bidrar også til brei og nasjonal tilgang til forskingsbasert kunnskap gjennom aktiv deltaking på plattformen forskning.no. I 2025 publiserte UiS 42 forskingsartiklar her, med om lag 291 000 sidevisninga. Dette gir høg synlegheit til forskning frå UiS og styrker allmenn tilgang til utdanning, forskning og kompetanse på tvers av geografi.

Talet på fagansvarlege frå UiS i Store norske leksikon har det siste året auka frå 33 til 48. Dermed har også talet på artiklar som UiS-tilsette har ansvar for, auka frå 1 672 i 2024 til 2 448 i 2025.

Arkeologisk museum i sentrum av Stavanger hadde i 2025 eit besøkstal på 58 000. I tillegg til å nå mange barn og unge i distriktet, så formidlar museet Rogaland sin kulturarv til ein stor andel internasjonale gjester i regionen.

UiS har eit omfattande prosjekt for å digitalisere det administrative arbeidet knytt til ph.d.-utdanninga. Prosjektet skal gi betre oversikt, meir presise arbeidsflytar og redusert manuelt arbeid for både faglege og administrative tilsette. Samstundes blir det i samarbeid med leverandøren utvikla nye digitale løysingar som skal styrke oppfølginga av tilsette ph.d.-kandidatar og gi betre støtte til rettleiarane. Dette er nybrottsarbeid for sektoren. Det er også aktuelt å dele erfaringar og utvikle kunnskap som kan kome heile sektoren til gode. Målet er å styrke kvaliteten i ph.d.-forvaltinga nasjonalt og sikre at sektoren lærer av kvarandre, slik at både kandidatar, rettleiarar og administrasjon får eit meir føreseieleg og brukarvennleg system.

3.2 Utviklingsavtale

Utviklingsmål 1 – Grøn omstilling pregar utvikling av kjerneverksemda ved UiS

Styringsparameter 1: Prioritere forskingsområde som bidrar til grøn omstilling

UiS har sterke fagmiljø som arbeider med berekraft, fornybare løysingar og grøn omstilling. UiS samarbeider også tett med private og offentlege aktørar (Universitetsfondet, Lyse, Akademiaavtalen med Equinor) om midlar til forskning innan grøn omstilling. Eit døme er stipendordninga til elkraftstudiet som blei ein suksess. Søkinga til utdanninga dobla seg etter at Lyse, Smedvig og SR-bank bidrog med stipend.

EU si satsing på Missions (samfunnsoppdrag) innan klimanøytrale og smarte byar, klimatilpassing og jordhelse er sentrale i EU sine klimamål. UiS har blant anna jobba tett med Stavanger kommune i arbeidet med klimanøytrale og smarte byar, inkludert arbeidet med klimakontrakten. Her forplikta UiS seg til å jobba saman med Stavanger kommune for å nå målet om klimanøytralitet. I 2025 fekk Stavanger godkjent klimakontrakten og eit såkalla EU Mission Label. Dette gir oss eit fortrinn i søknadar til EU sitt samfunnsoppdrag innan klimanøytrale og smarte byer.

Styringsparameter 2: Tildelingar frå målretta samfunnsoppdrag i Horisont Europa

Det er fleire søknadar levert i 2025 med regionale partnarar til utlysingar innan klimanøytrale og smarte byar (Mission). UiS er partnar i eit pilotprosjekt innanfor Enabling Cities Transformations (NetZero Platform), kor ein ser på styringsstruktur for arbeidet med samfunnsoppdraget klimanøytrale og smarte byar. I prosjektet samarbeider UiS med Stavanger og Trondheim kommunar, som begge er ein av 112 klimanøytrale byar utpeikt av EU. UiS fekk i 2025 innvilga eit nytt prosjekt kalla Beyond 15-Minute City (B15M) innan Driving Urban Transition (DUT)-partnership. B15M utforskar korleis adaptive og inkluderande «N-minuttersbyer» kan utviklast på tvers av ulike kontekstar i Noreg, Sverige og Sør-Korea.

UiS er sentral i arbeidet med å samla aktørar frå landbruket i Rogaland til eit felles arbeid om at Rogaland skal bli ein av 100 living labs som skal etablerast innan jordhelse (Mission).

UiS leier det nasjonale EU-nettverket CleanFlow Energy (2025–2027), finansiert av Forskingsrådet. Nettverket har som mål å mobilisere industri og offentlege aktørar til auka deltaking i Horisont Europa. Det er sett i gong eit arbeid med å utvikle eit regionalt initiativ for ein Hydrogen Valley (Coast) i samarbeid med sentrale aktørar på vestlandet.

Styringsparameter 3: Studentaktiv og innovativ læring med klare bidrag til berekraftsmåla

I 2025 deltok 257 studentar frå Handelshøgskulen UiS og Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet i emne og aktivitetar innanfor InGenious-programmet. Dette programmet fungerer som ein plattform

for å engasjere industrien i studieprogramma våre og tette gapet mellom den akademiske verda og næringslivet. I løpet av året fekk programmet støtte frå Stavanger kommune sine næringsutviklingsmidlar, og Aqua Tech Skill Accelerator School blei gjennomført for første gong. Erfaringane frå gjennomføringa gir grunnlag for vidare arbeid med satsinga. I 2025 samarbeidde InGenious-programmet med ei rekkje regionale verksemdar. Samarbeida har bidratt til kontakt mellom studentar og arbeidsliv rundt problemstillingar knytt til innovasjon, berekraft og grøn omstilling.

InGenious-programmet bidrog også i [framtidfestivalen ULLTRA](#), og samarbeidde med Regional Innovation Hub. Science-Industry Day blei gjennomført som eit nytt tiltak i 2025, og inngår i det vidare arbeidet i programmet.

Det tverrfaglege bacheloremnet i berekraft som starta opp i 2023 og som kan søkast av studentar frå alle studieprogram hadde nedgang i søkarar i 2025. Berre 53 studentar fylgde emnet, om lag ei halvering samanlikna med 2024. Noko av grunnen kan vere at eksamensforma blei endra frå semesteroppgåve til skuleeksamen, men det er ikkje mogleg å konkludere. Universitetet er bekymra over at det synest å vere ei fallande interesse for berekraft og grøn omstilling blant studentane. Samstundes arbeider universitetet målretta med attraktive utdanningar innan grøn omstilling og berekraft, og har nyleg akkreditert mastergradane *økonomisk omstilling og innovasjon* og *samfunnsretta miljøhumaniora*.

2025 var prega av omfattande aktivitet ved Lyspæren innovasjonshus. Gjennom arrangement og rettleiing fekk studentar høve til å arbeide vidare med eigne idear og møte ulike sider av innovasjonsprosessar. Høgdepunkt frå året som har gått inneberer:

- Om lag 800 studentar deltok på 20 arrangement, herunder 3D-print-workshops, verkstader for idéutvikling og nettverkstreff, gjennomført i samarbeid med Lyse, Validé, Frøya Ventures, Innovation Dock og Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS).
- «Jentemiddagen» med 150 deltakarar og støtte frå Lyse.
- Startup Booster blei gjennomført over ni veker i samarbeid med Handelshøgskulen UiS og integrert i ulike emner. Programmet hadde 95 deltakarar og her gjennomførte dei 30 pitch-presentasjonar på sine idear. Lyse var hovudsponsor og bidrog med fagleg innhald, midlar og rettleiing.
- WellVector AI fekk tildelt STUD-ENT-midlar.

Gjennom desse aktivitetane har Lyspæren vore ein arena for studentdriven innovasjon og samarbeid med arbeidslivet.

Utviklingsmål 2 – Vere eit opent universitet med fleksible og ettertrakta utdanningar

Styringsparameter 4: Meir fleksible og utfordringsbaserte utdanningar

Universitetet arbeider med å utvikle meir fleksible utdanningstilbod gjennom digitale, nettbaserte og samlingsbaserte format, og gjennom bruk av årsstudium, enkeltemne og opning av emne på tvers av studieprogram og nivå. Arbeidet omfattar både gradsutdanning og etter- og vidareutdanning, og inkluderer utvikling av heldigitale emne, nettbaserte årsstudium og samlingsbaserte studietilbod.

For å styrke tilgjengelegheit og rekruttering vedtok styret i 2025 å setje av 10 mill. kr til strategisk utvikling av fleksible og nettbaserte utdanningstilbod. Satsinga blei etablert i 2024 og vidareført i 2025. Ordninga skal stimulere fagmiljøa til å utvikle nye og meir fleksible læringstilbod, både innan gradsutdanningane og som etter- og vidareutdanning, slik at UiS kan nå nye målgrupper og møte behov i arbeidslivet og samfunnet. Utlysinga resulterte i 33 søknadar om støtte til utvikling av nye utdanningstilbod eller redesign av eksisterande, og 18 prosjekt fekk tildelt midlar. Prosjekta spenner frå heile utdanningsløp til mikroemne, både studiepoenggivande og betalingsbaserte etter- og vidareutdanningstilbod. Universitetet har også utvikla nye mindre modular, mellom anna deltidsstudium i museumspedagogikk og eit mikroemne i religion og ytringsfridom.

Eit viktig grunnlag for arbeidet i 2025 er den nye modellen for bachelorutdanninga som blei utarbeidd i 2024 og som gjeld frå hausten 2025. Modellen gir studentane moglegheit til å bruke årsstudium eller andre korte einingar frå andre studieprogram inn i graden. Fleire av tiltaka for auka fleksibilitet i 2025 må sjåast i samanheng med denne modellen.

For å auke fleksibiliteten blir det etablert fleire årsstudium og kortare einingar basert på emne som allereie finst i emneporteføljen. Årsstudia som er i drift har hatt stabile søkar- og opptakstal og fungerer som rekrutteringsveg inn til bachelorprogramma. Universitetet legg til grunn at fleire årsstudium kan bidra til rekruttering til gradsstudia.

UiS ser at desse nye emna har hatt ei fin auke på 260 SP-einingar frå 2024 til 2025.

Styringsparameter 5: Attraktive utdanningar

UiS har i år 6 513 førstevalssøkarar i Samordna opptak. Det er 226 fleire enn i fjor, tilsvarende ein vekst på 3,6 prosent, mot ein nasjonal nedgang på 0,3 prosent. UiS tar dermed marknadsandelar, med ein andel på 4,59 prosent – ei auke på 0,2 prosentpoeng frå 2024. I gjennomsnitt er det 2,6 førstevalssøkarar per studieplass ved UiS, på nivå med i 2024. Både søkarar frå Rogaland og frå resten av landet er representerte i auken. 41 prosent av førstevalssøkarane har bustadadresse i andre fylke enn Rogaland. Dette er ei gledeleg utvikling som viser at UiS er ein stadig meir attraktiv utdanningsinstitusjon regionalt og nasjonalt.

Enkelte studieprogram som over tid har hatt nedgang i søkinga, har anten stabilisert seg eller fått ein mindre auke. Dette gjeld mellom anna sjukepleie, lærarutdanningane og nokre av ingeniørutdanningane. Samstundes held nedgangen fram for barnehagelærarutdanninga, humanistiske fag, enkelte ingeniørretningar og nokre samfunnsfag.

Fleire av utdanningstilboda som har auke i søkinga, er utvikla eller endra gjennom arbeidet med fleksibilisering av studieporteføljen. Reiselivsutdanninga tredobla talet på førstevalssøkarar etter at tilbodet blei lagt om frå bachelorprogram til årsstudium. Det nye årsstudiet i læring og psykologi (introduksjon til lærarutdanning) har 2,4 førstevalssøkarar per studieplass. Det nye årsstudiet i psykologi har også høge søkartal, utan at dette har redusert søkinga til bachelorprogrammet.

For toårige masterutdanningar og vidareutdanningar i lokale opptak er det ein auke på 4,8 prosent frå 2024. I 2025 mottok UiS 6 294 søknader til 1 403 studieplassar. Dette gir i gjennomsnitt 4,5 søknadar per studieplass. Samstundes er det fleire studieprogram som har færre enn 1,9 søkarar per studieplass. Lokale opptak er ikkje nasjonalt samordna, noko som inneber at søkarane også kan ha søkt til andre institusjonar eller til fleire lokale opptak ved UiS.

I det internasjonale opptaket i 2025 hadde UiS 1 049 søknader til 103 studieplassar. Til samanlikning var det i 2024 923 søknader til 123 studieplassar. Etter innføringa av studieavgift for internasjonale studentar i 2023 fall søkartala, og talet på studieplassar blei redusert for denne gruppa. I opptaket i 2025 er det betre samsvar mellom talet på søknader og talet på studieplassar, og det gir betre grunnlag for å fylle plassane. UiS har fått tildelt midlar til 23 stipend gjennom NORSTIP-ordninga, og desse vil bli nytta.

Totaltala for rekruttering og opptak var i positiv utvikling i 2025. Det er likevel ei utfordring at auke i søkartala oftast kjem i program som allereie er godt søkte, medan program med låge søkartal stadig har dårlegare søkartal over tid. UiS vil arbeide kontinuerleg med tiltak for å betre rekruttering og opptak til studieprogramma.

Talet på studentar til etter- og vidareutdanningstilboda på UiS har gått ned omtrent 2,7 prosent samanlikna med 2024.

I 2025 har formell opplæring for utdanningsfagleg kompetanse halde fram og dette bidrar til å gjere utdanningane ved UiS meir attraktive.

Styringsparameter 6: Fleire studieprogram med tilbod om praksis i arbeidslivet

Universitetet arbeider for at utdanningane skal vere relevante for samfunns- og arbeidslivet, og for at studentane skal utvikle kompetanse som er etterspurd etter fullført utdanning. Arbeidslivskontakt blir lagt inn som del av læringsaktivitetane gjennom samarbeid med offentlege og private verksemdar, deltaking i bransjeretta aktivitetar og gjennom praksis.

Praksis er gjennomgåande i profesjonsutdanningane, der universitetet har etablerte ordningar for samarbeid med arbeidslivet. Samstundes arbeider UiS med å vidareutvikle og utvide tilbodet om praksis også i disiplinutdanningane. Dei siste åra er det mellom anna lagt betre til rette for praksis innan ingeniør- og teknologifag, økonomi og administrasjon, rettsvitenskap, samfunnsvitenskap og humaniora. Resultata frå Studiebarometeret syner at studentane som har praksis i aukande grad er nøgd med den praksisopplæringa dei får.

Utviklingsmål 3 – Sterk posisjon på energifeltet

Styringsparameter 7: Omstilling av energiforskning og -utdanningar

Universitetet arbeider målretta for å styrke satsinga på energifeltet gjennom tydelegare strategiske prioriteringar, auka deltaking i nasjonale og internasjonale utlysingar, og styrking av interne støtteprogram for søknadsutvikling og prosjektleiing. Det er sett i verk tiltak for betre samordning av fagmiljø, meir systematisk identifisering av relevante utlysingar og styrkt administrativ støtte i tidleg fase av søknadsprosessen. Desse tiltaka skal bidra til meir stabile og høgare eksterne tildelingar over tid, og styrke institusjonen sitt bidrag til sektormåla om grøn omstilling og berekraftig energiutvikling.

Styringsparameter 8: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning på energiområdet

Energi	2023	2024	2025	Endring 24-25
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning (mill. kr.)	23,33	83,55	38,25	-54 %


Samla sett ligg resultata under det som var ambisjonsnivået i avtaleutgangspunktet. Fallet i tal for 2025 samanlikna med 2024 kan forklarast med sterk konkurranse i EU-program og nasjonale ordningar, samt overgangsfase i fleire fagmiljø knytt til intern omorganisering på instituttnivå.

Det er samstundes viktig å merke seg at fleire av søknadane som blei sende frå UiS til store europeiske utlysingar innan energiområdet, nådde reserveliste, noko som indikerer høg kvalitet og riktig retning. Eitt av prosjekta som nådde opp, der universitetet har vertskapsrolle, er eit prosjekt innan geotermisk energi og termisk energilagring, finansiert gjennom den europeiske Clean Energy Transition Partnership. GeoSUSTAIN omfattar utvikling av innovative boreholvarmevekslarar, underjordisk termisk energilagring basert på sand, integrasjon av geotermiske system med overskotsvarme, samt bruk av KI-styring og digitale tvillingar. Prosjektet er utvikla med utgangspunkt i energisentralen, ein viktig og nyleg etablert infrastruktur ved UiS som utgjer ei strategisk og sentral forskings- og innovasjonsplattform. Tildelinga av prosjektet synleggjer dei direkte ringverknadene av ei slik infrastruktur, og demonstrerer korleis investeringar i forskingsinfrastruktur bidrar til å utløyse nye prosjekt, styrkje fagmiljøa og leggje til rette for vidare utvikling innan energiområdet.

UiS har også fått tildelt midlar frå Forskningsrådet til eit prosjekt med mål om å analysere den nordiske batteriverdikjeda, med særleg vekt på korleis ein kan utvikle komplementaritetar og handtere avvegingar innan sektoren. I tillegg er UiS partner i fleire nasjonale og internasjonale prosjekter blant anna knytt til bore-system for geotermisk energi, hydrogenlagring, batteri, og innbyggjarmedverknad knytt til grøn energi.

Styringsparameter 9: Styrke publisering knytt til berekraftige energiløysingar

Eit emnesøk i Scopus som dekker ulike tema knytt til berekraftige energiløysingar, der hovudelementet er energi, fornybar energi og berekraft, viser at det er noko nedgang i UiS publikasjonar innan desse tema, frå 334 i 2024 til 270 i 2025. Det er viktig å nemna at dette er førebelse tal og det er forventa at talet for 2025 vil auke dei kommande månadane. Tala viser at UiS held fram med å gjennomføre forskning på eit høgt nivå og kan måle seg med leiande internasjonale forskingsmiljø innan energi og grøn omstilling. (datakjelde: Scopus).



Utviklingsmål 4: Brei og innovativ satsing på kunnskap for framtidens helse- og velferdssamfunn

Styringsparameter 10: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning innanfor tema helse og velferd

UiS har i 2025 hatt ein tydeleg auke i tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan helse og velferd, frå 23,44 mill. kr. i 2024 til 30,26 mill. kr. i 2025. Auken er eit resultat av målretta arbeid på tvers av fleire fagmiljø, styrkt søknadskompetanse og tettare samarbeid med eksterne partnarar i helse- og velferdssektoren. Dette viser at langsiktig satsing på kvalitet i forskning, innovasjon og utdanning gir konkrete resultat i form av auka ekstern finansiering.

Helse og velferd	2023	2024	2025	Endring 24-25
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning (mill. kr.)	37,87	23,44	30,26	+29 %

UiS har ei brei og tverrfagleg portefølje innan helse og velferd, som omfattar alt frå global helse og pasientsikkerheit til matomsorg og eldreomsorg. Gjennom samarbeid med nasjonale og internasjonale partnarar har UiS styrkt si rolle som ein sentral aktør i forskning og innovasjon på dette området.

UiS er partnar i Norwegian Research School in Global Health for Sustainable Futures, ei nasjonal forskarskule finansiert av Forskringsrådet (2025–2033). Skolen samlar norske universitet, Folkehelseinstituttet, Norad og internasjonale partnarar for å styrke forskaropplæring innan global helse og berekraft. Dette bidrar til UiS sin strategi om å fremje tverrfagleg kompetanse og globalt samarbeid innan helse og velferd.

UiS deltar i EUCanScreen, eit EU-finansiert prosjekt (2024–2028) som arbeider for å implementere høgkvalitets screeningprogram for ulike krefttypar, inkludert bryst-, livmorhals- og tykktarmskreft. Prosjektet involverer samarbeid med europeiske helsemyndigheiter og forskingsinstitusjonar, og støttar UiS sin strategi om å bidra til forebygging og tidleg oppdaging av sjukdommar gjennom forskning og innovasjon.

Gjennom MingleMeals samarbeider UiS med partnarar frå Finland og Danmark for å utvikle eit tverrfagleg kurs som fokuserer på sosial berekraft i måltidsomsorg for eldre. Prosjektet, støtta av Nordplus, integrerer forskning og undervisning innan sjukepleie, måltidsopplevingar, sosialt arbeid og ernæring, og bidrar til UiS sin strategi om å styrke utdanning og praksis innan eldreomsorg.

UiS er ein sentral aktør i Safer Healthcare, eit forskingsnettverk som fokuserer på implementering av simuleringsbasert læring i helsetenesta. Samarbeidet inkluderer Stavanger universitetssjukehus, SAFER og Laerdal Medical, og har som mål å styrke klinisk praksis og pasientbehandling gjennom

tverrfagleg forskning og utdanning. Dette samsvarer med UiS sin strategi om å fremje pasientsikkerheit og kvalitet i helsetenestene.

Aktiviteten i HelseCampus Stavanger omfatta mellom anna 229 registrerte aktivitetar, over 4 500 deltakarar og rundt 933 aktivitetstimar, i tillegg til 27 felles arrangement for kompetanseheving og samarbeid. Det blei sendt 50 felles søknadar frå klynga i 2025, der 13 fekk tildeling, noko som viser at HelseCampus bidrar til å styrke regional søknadskraft og utvikling av nye løysingar for framtidens helsetenester.

Styringsparameter 11: Styrke publisering knytt til helse og velferd

Publiseringar innanfor fagområdet helse og velferd held fram med å auke ved UiS. Talet på publikasjonar ifølgje emnesøk på Scopus indikerar om lag 300 publikasjonar i 2025, mot 285 i 2024. Stigninga i forskingsaktiviteten, reflekterer eit sterkt fagmiljø og aukande vitenskapleg produksjon innan helse og velferd. Dette stadfestar universitetet si satsing på forskning med relevans for samfunnsutvikling og helsetenester. Tala for 2025 er ikkje endelege (datakjelde: Scopus).



Styringsparameter 12: Framifrå utdanningar innan helse og velferd

Universitetet har ei tydeleg satsing på utdanning innan helse og velferd. Utdanningane gir kandidatane relevant og oppdatert kompetanse til å møte behova i tenestene og arbeidslivet. I 2025 uteksaminerte UiS mellom anna sitt første kull frå bachelorstudiet i medisinsk teknologi, og nye studietilbod som årsstudium i psykologi blei etablerte.

For bachelorstudiet i medisinsk teknologi leverte ti studentar bacheloroppgåve i 2025. Utdanninga kvalifiserer for arbeid i sjukehus eller andre verksemdar med behov for medisinteknologisk kompetanse, og gir grunnlag for vidare studiar på masternivå.

I 2025 blei det gjennomført fire doktorgradsdisputasar ved UiS med helseteknologisk eller bioteknologisk profil. Desse blei gjennomførte i samarbeid med sjukehus og næringsliv.

Utdanningane blir understøtta av forskings- og utviklingsaktivitet i samarbeid med aktørar i helse- og velferdssektoren. UiS deltek i prosjekt som utviklar kunnskap og løysingar med relevans for klinisk praksis og tenesteutvikling, mellom anna i samarbeid med Laerdal Medical og Stavanger universitetssjukehus innan simulering, medisinsk teknologi og bruk av kunstig intelligens. UiS har også etablerte forskingsmiljø med nasjonale og internasjonale samarbeid, der forskning og publisering bidrar med kunnskap som blir tatt i bruk i utdanningane og i tenestene.

SHARE – Senter for kvalitet og sikkerheit i helsetenesta er eit forskningssenter ved UiS som utviklar kunnskap om kvalitet, tryggleik og resiliens i helse- og omsorgstenestene. Senteret arbeider tverrfagleg og har breie nasjonale og internasjonale samarbeid med både akademiske miljø og aktørar i tenestene. Verksemda omfattar forskning, publisering og utvikling av kunnskap som blir nytta i praksis og som inngår i grunnlaget for utdanningane. SHARE leiar også større prosjekt finansierte gjennom Horisont Europa.

Nettverk for velferdsforskning har som mål å styrke samarbeid mellom forskning og praksis, bidra til kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling på tvers av fagdisiplinar og i nært samarbeid med tenesteaktørar i feltet. Samarbeidet mellom UiS og velferdsfeltet er viktig for våre utdanningar, både med omsyn til at fleire av utdanningane har studentar i praksis, og at feltet kan komme inn i utdanningane med praksisnær kunnskap. Vidare har nettverket vært pådrivar for at studentar kan knytte seg til samskapingsprosjekt i sine mastergradsemne.

Kognitiv lab ved UiS er ein tverrfakultær arena for kognisjons-, åtferds- og nevroforskning. Laben samlar forskarar frå fleire fagområde og gir tilgang til utstyr og fasilitetar for eksperimentell forskning som kombinerer signal- og biletebehandling med studiar av kognisjon og åtferd. Aktiviteten gir studentar tilgang til metodar og infrastruktur som støttar både forskning og utdanning, og skapar møteplassar mellom realfag, helsefag, psykologi og samfunnsvitskaplege fag.

Forskargruppa BMDLab (Biomedical Data Analysis Laboratory) avslutta i 2025 forskingsprosjektet NewbornTime, gjennomført i samarbeid med Laerdal Medical og Stavanger universitetssjukehus. Prosjektet nytta kunstig intelligens til gjenkjenning av aktiviteter og hendingar i video frå tida under og etter fødsel, med sikte på å betre nyfødedsorga.

UiS har gjennomført pilotprosjektet SimBegin for jordmorstudentar. Gjennom programmet får studentane opplæring i å gjennomføre studentdriven simulering. Opplegget omfattar e-læring og samlingar med workshop og simuleringstrening, der studentane arbeider med ulike scenario og får høve til å omsette teori til praksis. Aktiviteten blir gjennomført i samarbeid med simuleringssenteret SAFER.

Innovasjonsprisen blei i november 2025 tildelt førsteamanuensis i medisinsk teknologi Florenc Demrozi ved UiS. Han forskar i skjeringsfeltet mellom helse, kunstig intelligens og avansert teknologi, og har utvikla løysingar som nyttar kunstig intelligens, mellom anna ei plattform for å føreseie helseutfordringar hos eldre og sjuke og smartbriller med avanserte sensorsystem og maskinlæring for å oppdage og avverje risikosituasjonar. Dette gir grunnlag for tidlege førebyggjande tiltak i helsetenesta.

Utviklingsmål 5 – Vere banebrytande på utdanningsfeltet

Styringsparameter 13: Utvikle nasjonale og internasjonale partnerskap

Alle gradprogramma ved UiS har eit mobilitetsvindaug integrert i studieløpet. UiS har samarbeidsavtalar om studentutveksling med ei rekke partnerinstitusjonar i og utanfor Europa.

Dei siste åra har talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar auka, særleg innan Erasmus+. Etter innføringa av studieavgift har UiS arbeidd målretta for å styrke talet på innreisande Erasmus+-studentar for å bidra til ein internasjonal campus. Dette inneber utviding av eksisterande avtalar og etablering av nye.

UiS har lagt betre til rette for internasjonalisering, både sentralt og på studieprogramnivå, og ser effekt av tiltaka på fleire former for internasjonalisering. I tillegg til ordinær semesterutveksling blir det i aukande grad lagt til rette for praksisopphald i utlandet og kortare opphald ved utanlandske partnerinstitusjonar.

Styringsparameter 14: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning innanfor tema læring for livet

Læring for livet	2023	2024	2025	Endring 24-25
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning (mill. kr.)	48,68	78,64	40,26	-49 %

Universitetet arbeider systematisk for å styrke eksterne tildelingar knytte til innovasjon, forskning og utdanning innanfor satsingsområdet. I 2025 har universitetet vidareutvikla porteføljen sin av søknadar og prosjekt på område som livslang læring, profesjonskvalifisering, digital læring og pedagogisk innovasjon. Dette inkluderer deltaking på både nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, mellom anna Forskingsrådet, EU-program og regionale finansieringskjelder.

Eitt av prosjekta som blei finansierte i 2025 er *North American Norwegian Tonal Accents in Contact (NANTiC)*, som undersøker korleis tospråklegheit har påverka lydsystemet i amerikansk norsk, med

særleg vekt på dei tonale aksentane. Målet er å forstå korleis desse grammatisk viktige trekka har utvikla seg i dei siste generasjonane av norskætta talarar i Nord-Amerika.


Trass i høg aktivitet og mange sterke fagmiljø viser tala at tildelingane innanfor dette tematiske området har hatt ein viss nedgang samanlikna med tidlegare år. Det blir understreka at variasjonar i utlysingar og konkurransegrunnlag mellom år kan påverke utviklinga. Enkelte store søknadar som ikkje nådde opp i 2025 har hatt særleg betydning for den samla tildelingsstatistikken, medan fleire prosjekt med positive evalueringar er venta å få avklaringar i løpet av 2026.

UiS held fram arbeidet med å styrke søknadsstøtte, tverrfaglege initiativ og internasjonalt samarbeid på feltet Læring for livet. I tida framover vil universitetet prioritere tiltak som skal auke kvaliteten og omfanget av eksterne søknadar, styrke partnerskap med arbeidsliv og offentlig sektor, samt utnytte nye moglegheiter i kommande utlysingar.

Når det gjelder ekstern finansierte utdanningsprosjekt deltok UiS med søknadar i dei fleste av Erasmus+ utlysingane i 2025. Samanlikna med 2024, hadde UiS ei auke frå 32 til 36 søknadar i 2025. UiS fekk tilslag på 7 Erasmus+ prosjekt. Fleire eksternfinansierte program som UiS ofte har fått tilslag på hadde ikkje utlysingar i 2025 (som for eksempel UTFORSK og NORPART). Det blei tildelt nær 17 mill. kr. i støtte frå eksterne konkurransearenaer på utdanningsfeltet i 2025. Prosjekta inkluderer partnerar frå institusjonar i Østerrike, Brasil, Sverige, Jordan og Bosnia/Herzegovina.

Styringsparameter 15: Styrke publisering om barn og unges læring og læringsmiljø

Førebelse tal for 2025 viser ei aukande trend i forskningsaktiviteten innan utdanningsforskning på UiS. Eit emnesøk i OpenAlex, som dekker både engelskspråklege publikasjonar og publikasjonar på nordiske språk, viser ei auke frå 174 publikasjonar i 2024 til 194 i 2025. Tala for 2025 er ikkje endelege.



3.3 Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Universitetet i Stavanger avslutta ingen større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i 2025, og har derfor ingenting å rapportere på dette punktet.

3.4 Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel

Midlar til *Tid for lesing* – Nasjonalt lesesenter ved UiS (Kap. 226, post 21)

I 2025 fekk Universitetet i Stavanger, ved Nasjonalt lesesenter, tildelt 18 mill. kr. til vidareføring og styrking av den nasjonale lesesatsinga Tid for lesing.

Satsinga har, som i 2024, hatt tre hovudområde: lesing i fag, leseinteresse og elevar som strevar med lesing. Omgrepa tid, lesekondis og engasjement har vore gjennomgåande som fagleg og pedagogisk ramme for tiltaka.

Det faglege innhaldet er forankra i forskning og utvikla i tett dialog med praksisfeltet. I 2025 blei det gjennomført omfattande kompetanse- og formidlingstiltak retta mot skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar over heile landet, mellom anna seminar, workshopar og ein nasjonal konferanse om lesing. Tiltaka har nådd deltakarar frå alle regionar og fått gjennomgåande gode evalueringar.

Digitale ressursar har vore ein berebjelke i satsinga. Nettsida Tid for lesing samlar faglege ressursar til bruk i klasserommet og i profesjonsfellesskap, og ei rekke webinar har støtta skolebasert utviklingsarbeid og systematisk arbeid med lesing.

Satsinga Tid for lesing i SFO blei vidareutvikla gjennom månadstema, aktivitetar og inspirasjonsfilmar, og blei supplert med ein nasjonal skrivekonkurranse og ei ordning med bokkassar til SFO-ar utan tilgang til bibliotek. Arbeidet med Tid for lesing i barnehagen blei vidareført og integrert i satsinga.

Inspirasjonsfilmar og undervisningsmateriell har vore sentrale verkemiddel i 2025. Lesekurset Engasjer og kartleggingsverktøyet Les for meg blei distribuerte gratis til alle barneskular og PPT-kontor, på både bokmål og nynorsk.

Mikroemna har vore ein viktig del av satsinga også i 2025. Emna er heildigitale, praksisnære og fleksible, og har hatt stor søknad og brei deltaking frå heile landet.

Midlar til vidareutdanning for lærarar (Kap. 226, post 22 og kap. 231, post 21)

Universitetet fekk i 2025 tildelt 8,501 mill. kr. til vidareutdanning for lærarar. Midlane er nytta til å vidareføre vidareutdanningstilbod retta mot tilsette i barnehage og skole, i tråd med føringar i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet.

I samband med fordelinga av midlane for hausten 2025 blei det gjort ei vurdering av fordelingsnøkkelen mellom barnehage- og skoleretta tiltak. Dette vart vurdert som mest føremålstenleg for å sikre kontinuitet i tilbod, føreseielege rammer for institutt og senter, og effektiv gjennomføring av vidareutdanningstilboda. Midlane er nytta i samsvar med føremålet og gjeldande føringar, og tiltaket vert rekna som avslutta for rapporteringsåret 2025.

Midlar til barnehagelærerutdanninga (Kap. 231, post 21)

Universitetet fekk i 2025 tildelt 3,84 mill. kr. til barnehagelærerutdanninga. Midlane er brukte til å styrke utdanninga gjennom fleire typar tiltak. Desse omfattar studentretta aktivitetar, samarbeid med universitetsbarnehagane, utvikling av studiekvalitet og nye studietilbod, rekruttering, internasjonalisering, forskingsstøtte og diverse andre satsingar.

Studentretta tiltak har inkludert sosiale og faglege aktivitetar for å styrke samhald og motivasjon, som felles lunsjar, ekskursjonar, kulturturar og samlingar knytte til kunnskapsområda. Det er og sett av ressursar til ekstra fagleg oppfølging, kontaktgrupper og profesjonssamtalar, særleg på BLU-deltid.

Samarbeidet med universitetsbarnehagane er styrkt gjennom støtte til hospitering, honorar for deltaking i undervisning og forskingsprosjekt, og midlar til konferansar og fagleg utvikling.

Studiekvalitet og fleksibilisering er stimulert gjennom arbeid med nye undervisningsformer, digitalisering, utvikling av podkastar, nettressursar og mikroemne. Det er og gjennomført planleggingsdagar og faggruppesamlingar for å vidareutvikle studietilboda.

Rekrutteringstiltak omfattar ein ny biletbaser, rekrutteringsfilmar og målretta kommunikasjon på digitale plattformer.

Internasjonalisering og mobilitet er styrkt gjennom støtte til lærarutveksling, internasjonale samarbeidsprosjekt og vidareutvikling av praksismoglegheiter i utlandet.

Tiltak for forskning og kvalifisering inkluderer prosjekt- og skriveseminar for fag- og forskargrupper, utvida forskingstid for tilsette i kvalifiseringsløp, rettleiing i meritteringsarbeid og hospitering for vitenskapleg personale i universitetsbarnehagane.

Andre tiltak omfattar støtte til nasjonale samlingar, deltaking på konferansar som *Småbarnsdagen* og *Sola-seminaret*, samt vidareføring av prosjektet om digitale verktøy i undervisninga.

Midlar til rekrutteringstiltak for lærarutdanningane (Kap. 231, post 21)

Universitetet fekk i 2025 tildelt 1,0 mill. kr. til rekrutteringstiltak for lærarutdanningane. Midlane er nytta i tråd med føresetnadene i tildelingsbrevet, og har gjort det mogleg å styrke og utvide det samla promoterings- og rekrutteringsarbeidet retta mot aktuelle målgrupper.

Eit hovudtiltak har vore å tilsetje ein ekstra kommunikasjonsressurs med særleg ansvar for strategisk og operativt promoterande arbeid for lærarutdanningane. Denne styrkinga har bidratt til auka kapasitet, betre samordning av tiltak og meir målretta kommunikasjon.

Vidare har universitetet vesentleg auka omfanget av digital annonsering for lærarutdanningane. Det er utvikla og publisert annonsar på ei rekkje digitale flater, samt produsert egne promoterande filmar til bruk i sosiale medium og andre relevante kanalar. I tillegg er det gjennomført kampanjar med redaksjonelt innhald retta mot eit breitt publikum i samarbeid med *Schibsted Partnerstudio*.

For å styrke den direkte kontakten med potensielle søkarar er det etablert ei arbeidsgruppe som har gjennomført ein turné til vidaregåande skolar i regionen. Her har ein sett opp stand og halde presentasjonar om lærarutdanningane. Det er også satsa særskilt på utdanningsmessa, med eigen stand for lærarutdanningane i tillegg til universitetet sin felles stand.

Samla sett har tiltaka bidratt til å intensivere og utvide det totale rekrutteringsarbeidet gjennom meir synleg, relevant og målretta kommunikasjon. Desse tiltaka ville ikkje vore moglege å gjennomføre utan dei ekstra midlane frå Kunnskapsdepartementet.

Tiltaka er framleis under gjennomføring. Effekten vil bli målt gjennom indikatorar som engasjement, lesetid, rekkevidde og respons frå målgruppene. Det er ikkje forventa å ha fullstendige effektdata før ultimo april 2026.

Midlar til KSU (Kunnskapssenter for utdanning) for kunnskapsoppsummering om skulebibliotek (Kap. 201, post 21)

Tilskotet på 1,75 mill. kr. til skulebibliotekprosjektet kom som ei ekstra løyving frå KD i desember 2025. Prosjektperioden går frå desember 2025 til desember 2027. I den første fasen skal vi gjennomføre ein systematisk kartleggingsoversikt (scoping review) der vi kartlegg tidlegare forskning som undersøker samanhengen mellom skulebibliotek og leseglede/leseferdigheiter, med vekt på omfang og kjenneteikn ved litteraturen. Resultata skal presenterast i ein vitskapleg artikkel og eit nettbasert interaktivt kart (evidence gap map). Kartet vil gi ei god oversikt over forskinga på feltet, og brukarar kan navigere vidare inn i dei einskilde publikasjonane som ligg til grunn for oversikta. I andre fase skal vi gjennomføre ei systematisk kunnskapsoppsummering som fokuserer på korleis arbeidet i og rundt skulebiblioteket bør organiserast for best mogleg å fremje leseglede og leseferdigheiter hos barn og unge. Resultata skal presenterast i ein vitskapleg artikkel og ei sjekkliste for skular. Sjekklista skal hjelpe skolane med å identifisere område innan skulebibliotekdrifta som kan forbetrast.

Det er etablert ei prosjektgruppe med både interne forskarar ved Kunnskapssenter for utdanning og eksterne forskarar utanfor Noreg. I tillegg skal prosjektgruppa involvere personar med erfaring frå skulebibliotekarbeid i Noreg og USA. Prosjektet skal etter planen vere sluttført i desember 2027.

Midlar til kunnskapsoppsummering om forskning om karriererettleiing (Kap. 201, post 21)

I oktober 2024 fekk Universitetet 1,0 mill. kr. til kunnskapsoppsummering om forskning om karriererettleiing. Det blei etablert ei prosjektgruppe og prosjektleiar kom på plass, men starta ikkje aktivitetar som medførte bruk av midlar før i 2025. I 2025 har ein hatt tett dialog med oppdragsgivar, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, for å avklare kva type kunnskap dei ønskte og kva type oppsummering som best kunne gi dei dette.

Forskarar – primært frå Kunnskapssenter for utdanning, men og ein forskar frå Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning – ferdigstiller ein scoping review i februar 2026. Denne skal gi ei strukturert framstilling av den empiriske kunnskapsbasen sidan 2014. Studiane som blir inkluderte, kjem frå Europa, Nord-Amerika, Oseania, Russland, Kypros, Israel og Tyrkia. Rapporten skal gjere det mogleg for målgruppa å identifisere område der det finst lite eller fragmentert forskning.

IV. Styling og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styling og kontroll

System for risikovurdering og om risikovurdering er gjennomført

System for risikovurderingar ved UiS bygger på COSO-rammeverket. Vidare bygger arbeidet med risikovurdering på kartlegging av kritiske suksessfaktorar og vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåinga ved UiS. Verksemda bruker fleire ulike verktøy (skjema) for risikovurdering, tilpassa dei områda av verksemda som skal risikovurderast. Risikovurderingar er gjennomført på ulike nivå ved UiS i 2025.

Overordna vurdering av dei største risikoområda som kan virke inn på evna til å nå fastsette mål og resultat

Trongare økonomiske rammer har i vesentleg grad auka behovet for styling og kontroll, spesielt for å sikre at UiS går i økonomisk balanse, samt å sikre eit strategisk handlingsrom over tid. Dette er det heilt vesentlege risikoområdet som påverkar evna til å nå fastsette mål og resultat for UiS. Omstilling for å handtere dei økonomiske utfordringane har såleis vært hovudprioritet i 2025, der tiltak har blitt iverksett og følgt opp i alle delar i organisasjonen. Omstilling har vært hovudfokus på alle styremøte-/styreseminar, leiar møte, styringsdialogar med fakulteta, plan- og budsjettkonferansen og leiarforum.

Vurdering av opplegget for styling og kontroll i 2025

Hovudvurderinga er at stylinga og kontrollen i den vanskelege situasjonen har vore tilfredsstillande. Dei økonomiske rammene på institusjonsnivå har blitt heldt, årsverk er redusert, talet på søkarar har auka, og BOA-verksemda har auka noko. Samla sett har ein nådd målet med å redusere kostnadane med 200 mill. kr. innan utgangen av 2026 (målt mot nivået i 2022) allereie i 2025.

<i>Er opplegg for styling og kontroll godt nok til at:</i>	<i>Vurdering</i>
mål og resultatkrav blir nådde	
ressursbruken er effektiv	
lover og reglar blir overhaldne	
resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg	
vesentleg stylingssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte	
internkontrollen er dokumentert	

UiS har ingen andre merknadar departementet bør kjenne til, og Riksrevisjonen hadde ingen merknader til UiS i 2025.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar frå regjeringa

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

UiS er Miljøfyrtårnsertifisert. UiS har vedtatt ein Klima- og miljøplan (2024-2030), med fleire konkrete mål om utsleppskutt. UiS ferdigstilte ny energisentral i 2024, noko som har medført at to av måla i forhold til energisparing allereie er nådd. Videre er vi på god veg mot målet om å være sjølvforsynt med fornybar energi til varme- og kjøleløyseringar fram mot 2030. Generelt vil arbeidet med å ha gode KPI'ar og systematisk arbeid for å nå måla utviklast i åra fram mot 2030.

Arbeidet med å nå måla leier til både effektivisering og ivaretaking av kjerneoppgåvene. Vi har stor nedgang i flyreiser, men varetek kjerneoppgåvene ved at samarbeid i aukande grad skjer digitalt. Frå 2019 til 2024 var nedgangen i klimagassutslepp frå flyreiser 23,5 prosent. Målet er ein reduksjon på 50 prosent frå 2019 innan 2030. Eigen produksjon av straum frå solceller og energieffektivisering ved

etablering av geovarme frå ny energisentral, medfører heller ikkje nokon konflikt med våre kjerneoppgåver. Når vi sparer utgifter til straum og gass, medfører dette indirekte at vi frigjer midlar til forskning og undervisning.

Statsbygg, som eigar av tomt og bygg, har vurdert klimarisikoen for eigendommen. Det blei vurdert at klimaendringar i liten grad vil påverke eigendommen på Ullandhaug. Det er ein viss risiko for å bli utsett for sterk vind, men det er lav risiko for flaum og skred.

I tillegg til eigen energisentral med bruk av geovarme, har vi også eigen produksjon av fornybar energi som dekker omkring 20 prosent av energien vi bruker til varme og kjøling. Eigen produksjon av straum gjer UiS mindre avhengig av straum frå nettet og avlastar straumnettet for samfunnet.

4.1.2 Positiv utvikling i antal tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting

I 2025 har UiS arbeidd vidare med målsettinga om å styrke inkludering og mangfald i organisasjonen. LIM-utvalet (Likestilling, inkludering og mangfald), som blei etablert hausten 2024, har i løpet av 2025 kome godt i gang med arbeidet sitt. Utvalet har gjennomført fleire møte og faglege drøftingar, og har halde fram med å samle kunnskapsgrunnlag til bruk i utviklinga av den reviderte handlingsplanen for likestilling, inkludering og mangfald.

I 2025 blei det tilsett 125 personar, derav tre med funksjonsnedsetting og tre med hol i CV-en. Dette tilsvarar 2,4 prosent for kvar av dei nemnde målgruppene. Til samanlikning blei det i 2024 tilsett to personar med nedsett funksjonsevne (ingen med hol i CV-en) av totalt 186 nytilsette, noko som utgjorde 1,08 prosent i denne målgruppa.

UiS nådde ikkje 5 prosent målet i 2025 heller, men vil halde fram med å styrke arbeidet med å etablere eit realistisk og forpliktande ambisjonsnivå i samband med ferdigstillinga av den reviderte handlingsplanen i 2026.

4.1.3 Redusere konsulentbruken

UiS har i 2025 halde fram siste års positive trend med reduksjon i kjøp av konsulenttenester. Konsulenttenester utgjer i 2025 1 prosent av dei totale lønskostnadane. Reduksjonen er knytt til den statsfinansierte delen.

	2022	2023	2024	2025
Kjøp av konsulenttenester (1000 kr)	34 615	23 664	22 506	17 245
% av totale lønskostnader	2,2 %	1,4 %	1,3 %	1,0 %

UiS legg vekt på å gjere vurderingar i forkant av kvar avtale om kjøp av konsulenttenester og det blir kommunisert tydeleg i organisasjonen at dette berre skal vere heilt nødvendige tenester på områder kor organisasjonen ikkje sjølv har særskild kompetanse.

I 2025 er det kjøpt tenester frå kommunikasjonsbransjen for kr 133 000, ein reduksjon frå 2024.

4.2 Andre krav

4.2.1 Tryggleik og beredskap

Styringsdokument for arbeidet med tryggleik og beredskap i Kunnskapsdepartementet sin sektor legg grunnlaget for arbeidet Universitetet i Stavanger gjer innan samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik og informasjonstryggleik.

Gjennom hausten 2025 har ein revidert det eksisterande grunnlagsdokumentet for tryggleik og beredskap. Den reviderte utgåva legg seg tettare opp til sikkerheitslova og Kunnskapsdepartementet sitt styringsdokument. Formålet med dette er å knyta seg nærare til dei overordna føringane og for å tydeleggjera dei langsiktige og strategiske måla innan tryggleik og beredskap. Det er forventa at det reviderte grunnlagsdokumentet får verknad i løpet av første halvår av 2026.

Ny tryggleiks- og beredskapsleiar byrja i stillinga i august. Det første halvåret har gått med til å få oversikt over tryggleiks- og beredskapsarbeidet ved universitetet, samt å gjere seg kjend med organisasjonen. I løpet av hausten 2025 har ein satt i gang ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for å få oversikt over universitetet sine største truslar og risikoar. Følgjande overordna område er vurdert til å vere dei største risikoane og truslane for universitetet:

- Pandemi
- Kunstig intelligens
- Mangelfull kunnskap om trusselbiletet
- Cyberåtak
- Ulovleg etterretningsverksemd mot forskingsmiljø og nøkkelpersonell som deltar i politikkkutforming og avgjerdsstøtte
- Truslar og hets mot forskarar og academia

I tillegg kan ein nemne at forskning og utvikling (FoU) no er definert som ein grunnleggjande nasjonal funksjon (GNF). Universitetet følger nøye med på KVASt-samarbeidet mellom Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Nasjonalt tryggingorgan (NSM) og Forskningsrådet på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Førebels er det usikkert om kartlegginga som KVASt gjer omkring norske teknologiområde av strategisk verdi for nasjonal tryggleik, får konsekvensar for Universitetet i Stavanger. Det er derfor vanskeleg å vurdere kor stor risiko dette utgjør for universitetet førebels.

Kartlegginga til KVASt vil også leggje grunnlaget for UiS si eiga kartlegging av verdier og avhengnader med omsyn til nasjonal tryggleik. Kartleggingsarbeidet ved universitetet skjer parallelt med KVASt-arbeidet og ein vil fortløpande retta seg etter tilrådingane derfrå.

Tryggleiksorganisasjonen ved universitetet er godt kjend med Meld. St. 14 (2024–2025) «Sikker kunnskap i en usikker verden» og arbeider målretta for å betra forskningstryggleiken ved universitetet. Ein har blant anna innleia eit samarbeid med HR-avdelinga for å utarbeida retningslinjer for personelltryggleik. Slike retningslinjer vil vere eit godt grunnlag for å arbeide vidare med rutinar for eksportkontroll, mottak av gjesteforskarar, tryggleik i tilsetjingar med meir. Ny tryggleik- og beredskapsleiar har også overtatt autorisasjonsansvaret på vegne av rektor og utarbeida retningslinjer for autorisasjon og klarering.

I oktober deltok universitetet i øving «Nullpunkt» som blei arrangert av Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt). Øvinga var digital og scenarioet var tilpassa trusselbiletet for kunnskapssektoren. Dei overordna og viktigaste læringspunkta etter øvinga var følgjande:

- Kriseleiinga manglar ei systematisk tilnærming til krise- og beredskapsleiing. Universitetet bør gjennom 2026 auka kompetansen innan proaktiv stabsmetodikk.
- Kommunikasjonen mellom kriseleiinga og forskjellige stabar og einingar må betrast gjennom øving og undervisning.

Tryggleiks- og beredskapsleiar arbeider tett med IT-direktøren og informasjonstryggleiksleiar (CISO) med mål om å samkøyra leiingssystemet for informasjonstryggleik med det overordna styringssystemet for tryggleik og beredskap.

Universitetet har satt i gong ein søknadsprosess for å knyta seg til nasjonal BEGRENSA plattform (NBP) for å kunne handsama lågradert informasjon. Føremålet med dette er mellom anna å setja IT-divisjonen betre i stand til å handtera den auka trusselen mot informasjonstryggleiken og sikra at skjermingsverdig informasjon blir handsama trygt.

4.2.2 Informasjonstryggleik og personvern

UiS er godt kjend med det skjerpa trusselbiletet og den aukande risikoen knytt til informasjonstryggleik og personvern. UiS har merkt seg at universitet og forskingsmiljø er peika ut som mål for framande statar. Våre digitale og fysiske system er verdifulle, og arbeidet med tryggleik er avgjerande for å verne både nasjonal tryggleik og universitetet sitt samfunnsoppdrag.

I 2025 har UiS arbeidd systematisk med å redusere risiko innan tre hovudområde: funksjonsevne, informasjonsverdiar og personvern. Dette har inkludert:

1. **Funksjonsevne:** Viktige tiltak har vore innføring av felles Identity and Access Management (IAM) og styrking av tryggleik ved reiser. Nye tiltak omfattar etablering av Mobile Application Management (MAM), strengare rutinar for lokal programvareinstallasjon, phishing-resistent autentisering og betre logging av privilegerte kontoar.
2. **Informasjonsverdiar:** I 2025 vart det innført obligatoriske nanokurs for alle tilsette for å styrke kompetansen og redusere risiko for uønskt kunnskapsoverføring.
3. **Personvern:** UiS har i 2025 vidareført arbeidet med internkontroll for personvern i tråd med GDPR, med særleg vekt på ei risikobasert tilnærming, opplæring av tilsette og oppdatert dokumentasjon av handsamingsaktivitetar. UiS har kome langt i dette arbeidet og har per no ein handsamingsprotokoll som omfattar alle innrapporterte og kjende behandlingar av personopplysningar, samstundes som denne er under løypande oppdatering og kvalitetssikring. Arbeidet med personvern blir samordna med verksemda sine øvrige styringssystem for informasjonstryggleik og sikkerheit for å sikre heilskapleg risikostyring.

For å styrke både beredskap og læring gjennomførte UiS to større øvingar innan informasjonstryggleik og krisehandtering i 2025. I juni gjennomførte kriseleiinga ei diskusjonsøving med eit løysepengavirus-scenario. Hausten 2025 deltok UiS i Sikt-øvinga «Nullpunkt» som nemnt ovanfor.

UiS ser framleis eit behov for å styrke kontinuitets- og beredskapsplanar, kompetansebygging og samarbeid på tvers av organisasjonen. Arbeidet krev tilstrekkelege ressursar og kontinuerleg forankring i leiinga for å møte framtidige utfordringar.

4.2.3 Større byggeprosjekt under utvikling

Universitetet i Stavanger planlegg i 2026 å starte opp eit forprosjekt/moglegheitsstudie for å vurdere ulike alternativ for rehabilitering/utvikling av eksisterande bygningsmasse ved Arkeologisk museum. Dette prosjektet er kjent for KD, og er spelt inn i UiS sitt satsingsforslag utanfor budsjettamma.

4.2.4 Oppfølging av Strategi for digital omstilling

I 2025 har Universitetet styrka oppfølginga av Strategi for digital omstilling gjennom ei tydeleg og målretta satsing på heilskapleg porteføljestyling, investeringar i fellesløysingar og digital infrastruktur, samt ei systematisk bruk av tenestedesign og vidareutvikling av tverrgåande arbeidsprosessar, digital kultur og kompetanse. Den samla vurderinga er at UiS i 2025 har forsterka retninga for digital omstilling gjennom ein meir moden styringsstruktur og ei betydeleg satsing på digitalisering og KI.

Porteføljeutvalet for teknologi, prosess og tenesteutvikling (PPT) blei etablert i 2025 og sikrar transparente prioriteringar, tydeleg forankring og systematisk samhandling mellom interne initiativ og sektorens fellesprosjekt. Utvalet utarbeider tilrådingar til toppleiinga om kva prosjekt som bør prioriterast, og skal sikre heilskapelege vurderingar av kapasitet, risiko og samanheng på tvers av prosjekt.

KI-ressursgruppa blei formalisert som eit KI-utval hausten 2025 for å styrke UiS sitt strategiske arbeid med kunstig intelligens. Utvalet skal bidra til ei heilskapleg og ansvarleg utnytting av KI, identifisere prioriterte satsingsområde og gi råd om korleis KI kan integrerast i utdanning, forskning, innovasjon og administrative prosessar. Vidare skal utvalet utvikle retningslinjer for etisk, transparent og forsvarleg KI-bruk, samt fungere som eit kontaktpunkt mot nasjonale og internasjonale KI-initiativ. UiS har også styrkt KI-satsinga i utdanning gjennom nye emne, og «Innføring i kunstig intelligens» hadde i 2025 1150 søkarar.

Arbeidet med tenestedesign blei vidareført med gjennomføring av fleire av dei tverrgåande prosessane som blei kartlagde i 2024. Prosjekta omfattar mellom anna anskaffingar og avtalar, introduksjonsprogram, doktorgradsløpet og studieadministrativ kvalitet. Arbeidet har bidratt til standardisering av arbeidsprosessar, tydelegare ansvarslinjer og identifiserte tiltak for meir brukartilpassa og effektive tenester. I 2025 valde universitetet å ta i bruk Research Planner som nytt

verktøy i doktorgradsløpet. BOA-prosessen har vore prioritert i 2025, og eit e-skjema for forskingssøknadar er i sluttfasen. Andre prosessar held fram og skal konkretiserast i 2026–2027.

UiS deltar aktivt i utviklinga av nasjonale fellesløysingar, og har i 2025 fullført lokalt mottak av IAM, vidareført innføringa av nytt LMS, starta overgang til WISEflow og koordinert arbeidet med Sikt om implementeringa av Analyseplattformen, som skal innførast i 2026 ved UiS. Vidare samarbeider UiS med Sikt, HKdir og resten av sektoren om oppfølging av digitaliseringsstrategien gjennom aktiv deltaking i porteføljestyre og produktråd og arbeidsgrupper i samstyringsmodellen, samt andre nasjonale råd og samarbeidsarenaer. Dette sikrar at UiS bidrar til utvikling av felles arkitektur, styringsmodellar og sektorielle fellesløysingar, i tråd med praksis ved andre universitet.

4.2.5 Avsetningar

Universitetet rapporterer eit mindreforbruk på statsfinansieringa på 62,5 mill. kr. for 2025. Som følge av dette aukar universitetet sine ubrukte akkumulerte midlar frå 159 mill. kr. pr 31.12.2024 til 221,522 mill. kr. pr 31.12.2025. Årsaka til rapportert mindreforbruk skuldast i stor grad utanforliggende årsaker som lågare lønnsoppgjjer og noko lågare straumprisar enn forventa, men og framleis gode grep som del av den pågåande interne omstillingsprosessen som er sett i verk som følge av lågare statlege finansieringsrammer.

Avsetningar til andre formål og investeringar, KD	Løyving for 2025 i 1000 kr	Avsetning pr 31.12.25 i 1000 kr.	Avsetning pr. 31.12.25 i %
Avsetningar til andre formål	2 058 544	97 217	5 %
Avsetningar til investeringar	2 058 544	128 056	6 %
Sum avsetningar (frå KD)	2 058 544	225 273*	11 %

* i dette talet har vi tatt med ikkje inntektsførte KD-midlar, note 15, del 3, på 3,751 mill. kr.

Dei akkumulerte midlane er i stor grad knytt opp mot utsett og forseinka aktivitet i fageiningane, mellom anna strategiske satsingar, både innanfor drifts- og investeringsaktivitetar, i tillegg til planlagde institusjonelle oppgraderingar innanfor bygg, infrastruktur og IKT samt vitskapleg utstyr.

Det er framleis store investeringsbehov dei komande åra, synleggjort gjennom vedtatt institusjonell investeringsplan 2026–2028 for bygg og infrastruktur, inkludert vitskapleg utstyr og digital omstilling. Ein viss storleik på avsettingane er vesentleg for at UiS skal kunne finansiere nødvendige investeringar og strategiske satsingar. Nivået på dei akkumulerte midlane har ikkje påverka måloppnåinga for universitetet si kjerneverksamdom negativt.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Universitetet har så langt lykkast med dei økonomiske sidene av omstillinga, og økonomien er i betring. Samtidig er det forhold rundt oss som tydar på stramme rammer også i tida som kjem. Internasjonal uro driv prioriteringane i retning av forsvar, sikkerheit og beredskap, medan aldning reiser store utfordringar for helse- og omsorgssektoren. Resultatet er redusert økonomisk handlingsrom for høgare utdanning og forskning. Utsikter og planar for Universitetet i Stavanger blir dermed avgrensa av omsyn til streng prioritering og nøktern ressursbruk.

I mellomtida har ei vellykka omstilling så langt gitt gode økonomiske resultat, og eit betre handlingsrom på kort sikt. Dette er reflektert i budsjett og investeringsplanar, der styret har slutta seg til prioriteringar for vidareutvikling i tråd med strategi og handlingsplan for dei nærmaste åra. Med stort medvit rundt ressursbruken har Universitetet i Stavanger eit godt utgangspunkt for å levere på strategi og samfunnsoppdrag i åra som kjem.

Ein milepåle i 2026 blir oppstart av profesjonsstudium i psykologi, og arbeidet held fram med å utvikle studieporteføljen på eit vis som kombiner god ressursbruk med høg relevans og samfunnsnytte. På forskingssida dreier prioriteringane i retning kvalitet og eksellense, med ambisjonar om fleire og større

gjennomslag på konkurranseutsette arenaer i Noreg og internasjonalt. Dette borgar for eit enno betre samarbeid og samspel med samfunnet rundt oss, og for ei styrking av Universitetet i Stavanger sitt omdøme blant studiesøkarar, jobbsøkarar og private og offentlege samarbeidspartnarar.

Budsjett 2026

Årsbudsjett 2026 for Universitetet i Stavanger blei vedtatt av styret 4. desember 2025, sjå tabellen nedanfor. Budsjettet syner framleis realnedgang i den statlege rammeløyvinga, og eit betra handlingsrom i 2026 kan difor tilskrivas eit godt økonomisk resultat i 2025 og moglegheita for å sette inn kapitalreservar (tidlegare års ubrukte løyvingar).

Eit sentralt punkt i budsjettet er øyremerkinga av midlar til institusjonelle satsingar og investeringar av særleg aktualitet for universitetet; (i) fleksible og desentrale utdanningar, (ii) profesjonsstudium i psykologi, (iii) studentrekruttering, (iv) rekrutteringsstillinger og forskingsstøtte, (v) digitalisering og kunstig intelligens, (vi) campusutvikling.

Med utsikter til framleis stramme økonomiske rammer, er god økonomistyring, prioritering og tett budsjettoppfølging nødvendig på alle nivå i organisasjonen.

Hovudfordeling 2026 (tal i heile 1000)

Fakultet/divisjon	2026
Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora	363 762
Fakultet for utøvande kunstfag	60 258
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	148 041
Handelshøgskolen UiS	136 161
Det helsevitenskaplege fakultet	165 726
Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet	355 543
Arkeologisk museum	52 465
Sum fageiningar	1 281 954
Rektorat	9 069
Divisjon for utdanning	68 568
Divisjon for forskning	75 083
Divisjon for innovasjon og samfunn	36 278
Divisjon for organisasjon og infrastruktur	240 692
Sum divisjonane	429 690
Husleige og energi	326 796
Studentar og samskipnad	10 444
Institusjonelle prioriteringar	99 911
Sum divisjonar, fellestiltak og infrastruktur	866 841
Sum fordeling UiS	2 148 795

Økonomiske utsikter fram mot 2030

Strategien viser at UiS har store ambisjonar om fagleg styrking den komande tiårsperioden, med blant anna oppstart av profesjonsutdanning i psykologi frå 2026, og ei målretta satsing på eksellent forskning som vil kunne gje gjennomslag på dei viktigaste konkurransearenaene. Realisering av desse ambisjonane føreset at UiS klarer å skape eit økonomisk handlingsrom til å gjere nødvendige investeringar og satsingar, blant anna i bygg, infrastruktur og organisatorisk stønad. Desse satsingane skal gjennomførast samstundes med at det blir forventa vedvarande stramme statlege løyvingar i åra som kjem.

Som eit resultat av den økonomiske omstillinga på universitetet dei siste åra, har den samla bemanninga blitt redusert med om lag 150 årsverk, der ein stor del av dette er nedgang i talet på stipendiatar. Dette har gitt universitetet eit noko større økonomisk handlingsrom, men det har også medført at universitetet har fått redusert kapasitet på ein del områder av verksemda. Til dømes vert forskingskapasiteten og kapasiteten til å gjennomføre ekstern finansiert forskning betydeleg påverka av reduksjonen i talet stipendiatar.

Med dei konkrete planane og ambisjonane som no føreligg er det framleis nødvendig å lykkast med kontinuerleg forbetring og fornying, og med tydelege prioriteringar både innan studie- og forskingsportefølje. Økonomiske prognosar tre år fram i tid tilseier at det, trass strammare budsjetttrammer, vil være eit visst rom for strategiske satsingar. Det vil være nødvendig å styrke kapasiteten på nokre områder, for å styrke gjennomføring og kvalitet i forskning (prosjektaktiviteten) og utdanning, og for å sikre god administrativ stønad på dei høgast prioriterte satsingane.

VI. Årsrekneskap 2025



Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	2 055 083	2 033 043
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	348 094	386 135
Inntekt fra gebyrer	1		
Salgs- og leieinntekter	1	143 185	138 996
Andre driftsinntekter	1	6 309	1 480
<i>Sum driftsinntekter</i>		2 552 670	2 559 654
Driftskostnader			
Varekostnader		1 102	789
Lønnskostnader	2	1 724 380	1 760 642
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	89 213	84 308
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5		7 849
Andre driftskostnader	3	674 624	650 941
<i>Sum driftskostnader</i>		2 489 319	2 504 529
Driftsresultat		63 352	55 125
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	1 133	1 321
Finanskostnader	6	458	477
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		675	844
Resultat av periodens aktiviteter		64 026	55 968
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-62 515	-53 547
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapi- tal)	8	-1 511	-2 421
<i>Sum avregninger og disponeringer</i>		-64 026	-55 968
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9		
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet	9		
<i>Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Tilskudd til andre	10		
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning			
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0

Balanse – eiendeler

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	49 294	44 509
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	790
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		49 294	45 299
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	167 560	176 551
Maskiner og transportmidler	5	113 190	107 559
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	99 347	106 467
Anlegg under utførelse	5	6 541	345
Infrastruktureiendeler	5		
<i>Sum varige driftsmidler</i>		386 638	390 922
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	59 513	59 618
Obligasjoner			
Andre fordringer	11A		
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		59 513	59 618
Sum anleggsmidler		495 445	495 839
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	861	846
<i>Sum beholdning av varer og driftsmateriell</i>		861	846
II Fordringer			
Kundefordringer	13	54 779	41 106
Opptjente ikke fakturerte inntekter	16	4 840	3 506
Andre fordringer	14	96 975	44 322
<i>Sum fordringer</i>		156 594	88 934
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	788 259	796 959
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	24 490	15 366
Andre bankinnskudd	17	1 670	0
Kontanter og lignende	17	19	12
<i>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</i>		814 438	812 337
Sum omløpsmidler		971 893	902 117
Sum eiendeler drift		1 467 338	1 397 957
IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer			
Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten	9		
<i>Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Sum eiendeler		1 467 338	1 397 957

Balanse – statens kapital og gjeld

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
STATENS KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapi tal			
Innskutt virksomhetskapi tal	8		
Opptjent virksomhetskapi tal	8	90 037	88 526
Sum virksomhetskapi tal		90 037	88 526
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet (nettobudsjetterte)	15 I	221 521	159 006
Sum avregninger		221 521	159 006
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	435 931	436 221
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	3 751	
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		439 682	436 221
Sum statens kapital		751 241	683 753
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelser			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19	10 980	11 833
Sum avsetning for langsiktige forpliktelser		10 980	11 833
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		168 014	114 938
Skyldig skattetrekk og andre trekk		67 457	58 727
Skyldige offentlige avgifter		66 308	64 366
Avsatte feriepenger		150 079	145 744
Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	198 851	221 422
Mottatt forskuddsbetaling	16	17 720	18 563
Annen kortsiktig gjeld	18	36 688	78 609
Sum kortsiktig gjeld		705 117	702 370
Sum gjeld		716 097	714 203
Sum statens kapital og gjeld drift		1 467 338	1 397 957
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10		
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	10		
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		1 467 338	1 397 957

Prinsippnote SRS

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS). Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Bevilgning gitt i tildelingsbrev er inntektsført på balansedagen dersom aktiviteten bevilgningen var ment å finansiere er gjennomført selv om det gir et positivt resultat. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver. UiS har endret prinsipp for inntektsføring av inntekter knyttet til prosjekter som mottar tilskudd og bidrag fra statlige, kommunale og fylkeskommunale etater. Disse bidragsprosjektene regnskapsføres fra 01.01.2025 etter metode for løpende avregning uten fortjeneste i henhold til SRS 10 pkt. 10. Mottatte forskuddsmidler er presentert på regnskapslinjen Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte). Fram t.o.m 31.12.2024 ble bidragsprosjekter som mottok tilskudd fra statlige, kommunale og fylkeskommunale etater inntektsført i sin helhet på balansedagen og presentert på regnskapslinjen Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet. Inngående balanse for 2025 er omarbeidet.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter, er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført, ressursene er brukt.

Pensjoner

SRS 25, ytelser til ansatte, legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens

pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan. Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiereserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrasket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger inntektsføres som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i *Innskutt virksomhetskapital*, avsnitt CI Virksomhetskapital i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i *Opptjent virksomhetskapital*. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld. Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Beholdning av varer og driftsmateriell

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksomhetens offentlige tjenesteyting. Innkjøpte varer er verdsatt til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffelseskost.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte forringene.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskaper, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskaper innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den *direkte* metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter (direkte modell)

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter		
Innbetalinger		
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)	2 058 544	2 019 027
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjetterte)	0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	246 348	235 486
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	18 732	21 717
innbetalinger av tilskudd og overføringer	178 741	265 228
innbetaling av refusjoner	50 185	36 353
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0
andre innbetalinger	109 108	131 123
Sum innbetalinger	2 661 658	2 708 933
Utbetalinger		
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	1 740 547	1 735 407
utbetalinger for kjøp av varer og tjenester	838 719	799 874
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	-2 037	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter	0	0
andre utbetalinger	-3 791	8 759
Sum utbetalinger	2 573 438	2 544 040
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	88 221	164 893
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter		
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)	175	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)	-84 750	-88 141
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler (+)	105	0
utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler (-)	0	0
innbetalinger ved salg av obligasjoner og andre fordringer (+)	0	0
utbetalinger ved kjøp av obligasjoner og andre fordringer (-)	0	0
innbetalinger av utbytte (+)	0	0
innbetalinger av renter (+)	-1 191	757
utbetalinger av renter (-)	-458	-477
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-86 119	-87 861
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
innbetalinger av virksomhetskaper (+)	0	0
tilbakebetalinger av virksomhetskaper (-)	0	0
utbetalinger av utbytte til statskassen (-)	0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0
Kontantstrømmer knyttet til overføringer		
innbetalinger fra fagdepartementet til tilskudd til andre (+)	0	0
innbetalinger fra andre departement til tilskudd til andre (+)	0	0
innbetalinger fra andre virksomheter til tilskudd til andre (+)	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter (-)	0	0
skatter, avgifter og gebyrer direkte til statskassen (+)	0	0
avregning med statskassen vedrørende innkreivingsvirksomhet (-)	0	0
Netto kontantstrøm knyttet til overføringer	0	0
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	0	0
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	2 101	77 032
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse	812 337	735 305
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt	814 438	812 337

Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter forts.

* Avstemming	31.12.2025	31.12.2024
avregning av bevilgningsfinansiert aktivitet	1 511	53 547
disponering av periodens resultat (til virksomhetskaper)	62 515	2 421
bokført verdi avhendte anleggsmidler	-298	0
ordinære avskrivninger	89 213	84 308
nedskrivning av anleggsmidler	0	7 849
avsetning utsatte inntekter (tilgang anleggsmidler)	-89 221	-88 141
endring i statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	-290	-4 016
endring i ikke inntektsført bevilgning	-18 820	-10 000
endring i beholdninger av varer og annet driftsmateriell	-15	-15
endring i kundefordringer	-13 643	6 825
endring i leverandørgjeld	53 076	31 671
endring i ikke inntektsført tilskudd og overføringer	-854	-3 080
effekt av valutakursendringer	0	0
poster klassifisert som investerings- og finansieringsaktiviteter	84 082	87 861
poster klassifisert som kontantstrømmer knyttet til overføringer	0	0
endring i andre tidsavgrensningsposter	-79 036	-4 337
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	88 221	164 893

Prinsippnote for bevilgningsoppstilling

